| | |
|---|---|
| **Fra:** | Kjell Kolstad <vom.kaptein@gmail.com> |
| **Sendt:** | tirsdag 18. desember 2018 20:03 |
| **Til:** | Einar Færø; Postmottak Radøy |
| **Emne:** | Re: SV: SV: SV: 18/17895 Vikeplikt på Toskavegen |

Hei!

Takk for positiv tilbakemelding. Jeg vet at ting blir gjort når jeg kontakter Radøy kommune, Jfr. kloakkutslippet i Hesthaugen.

Det er nå viktig at Radøy kommune følger opp trafikktellingen i Toskavegen. I tillegg er det viktig å se på vikepliktforholdene, farten og de myke trafikantene inkl kryssingen for barn over Toskavegen. Tilnærmet daglig må jeg vike for Toskavegen når jeg kjører ut fra Langhøyane. Hastigheten er høy. Jeg har blitt forbikjørt i 50 km fra Rådhuset til Langhøyane. Sist uke kjørte jeg ut fra Kyrhovden og hadde garantert forårsaket ulykke hvis jeg hadde stått på rettighetene . Jeg anbefaler at representanter fra kommunen går ut i Toskavegen, tar med kamera og gjør seg et bilde av forholdene i rushtrafikken. Jeg følger opp saken. Jeg har varslet!

Hilsen

Kjell Kolstad

Sendt fra min iPad

18. des. 2018 kl. 12:13 skrev Einar Færø <Einar.Faero@radoy.kommune.no>:

> Hei!
> Eg ser positivt på at trafikkteljing no er sett i verk og håpar utfallet vert fotgjengarfelt etc. Men eg har ikkje dagleg kontakt med SVV og veit helle ikkje kvifor dette kjem opp no.
>
> Mvh
> Einar Færø
> Einingsleiar Drift
> Mob.99098153
>
> ---
>
> **Fra:** Kjell Kolstad [mailto:vom.kaptein@gmail.com]
> **Sendt:** 18. desember 2018 11:53

**Til:** Einar Færø; Postmottak Radøy
**Emne:** Re: SV: SV: 18/17895 Vikeplikt på Toskavegen

Hei!
Det undrar meg litt at ein boks med trafikkteljing skulle dukke opp i Toskavegen ved Langhøyane rett etter at eg på nytt tok opp saka, og at Radøy kommune ikkje veit noko om saka. Talar dykk ikkje saman?

Helsing

Kjell Kolstad

Sendt fra min iPad

17. des. 2018 kl. 08:22 skrev Einar Færø <Einar.Faero@radoy.kommune.no>:

> Hei!
> Det kjenner eg ikkje til og har heller ingen informasjon å koma med.
>
> Mvh
> Einar Færø
> Einingsleiar Drift
> Mob.99098153
>
> ---
>
> **Fra:** Kjell Kolstad [mailto:vom.kaptein@gmail.com]
> **Sendt:** 17. desember 2018 07:41
> **Til:** Einar Færø; Postmottak Radøy
> **Emne:** Re: SV: 18/17895 Vikeplikt på Toskavegen
>
> Hei!
>
> Eg såg at det var satt opp ein boks frå VVS med trafikkteljing i Toskavegen utanfor Langhøyane i veka som gjekk. Noko resultat? Måler den farten også? Eg og mange andre er spent.
>
> Helsing
>
> Kjell Kolstad
>
> Sendt fra min iPad
>
> 8. des. 2018 kl. 07:36 skrev Kjell Kolstad <vom.kaptein@gmail.com>:
>
>> Hei Einar Færø!

Eg skjønar du slit mot overmakta og ikkje kan måla sebrastriper over Toskavegen som er fylkesveg. Eg er likevel skremd når eg kjem kjøyrande og barna krysser vegen til/frå skulen. Eg vil gjerne stoppa og vinka dei over vegen, men då tek eg rolla til politiet og kva skjer viss motgåande trafikk skaper ulukke. Då blir eg straffa.

5 nye hus er bygde i Langhøyane og fleire kjem og problemet aukar. Vegen ut frå Selfallet er om mogeleg verre. Noko må gjerast før ei ulukke skjer.

Krav: Toskavegen blir forkjørsveg. Fotgjengarfelt over Toskavegen ved Langhøyane.

Eg har i alle fall varsla.

Helsing
Kjell Kolstad

Sendt fra min iPad

7. des. 2018 kl. 10:30 skrev Einar Færø <Einar.Faero@radoy.kommune.no>:

> Hei!
>
> Det var i samband med etablering av det nye fortauet at me nyleg var i kontakt med SVV om etablering av fotgjengarfelt og kryssing. Men utan resultat. På nytt var det vist til trafikkteljing.
>
> Mvh
> Einar Færø
> Einingsleiar Drift
> Mob.99098153
>
> ---
>
> **Fra:** Kjell Kolstad [mailto:vom.kaptein@gmail.com]

**Sendt:** 7. desember 2018 09:50
**Til:** Einar Færø; Postmottak Radøy
**Emne:** Re: 18/17895 Vikeplikt på Toskavegen

<image001.png>
Eg takker for raskt svar. Slik eg skjønar svaret, så er Radøy kommune einig med meg og innbyggjarane langs Toskavegen at noko må gjerast. Skal me då berre setja oss ned i godstolen og telja bila nattestid med lys på slik Vegvesenet visstnok gjer?
Eg ser at det er laga nytt fortau ut frå Langhøyane men det manglar fotgjengerfelt over Toskavegen slik mange har ynskja. Har SSV stoppa det også sidan vegen er fylkesveg? Må det skje ei ulykke før nokon tek tak i saka. Krav frå meg og sikkert ynskje frå mange: Toskavegen blir forkjørsveg og fotgjengerfelt over Toskavegen ved Langhøyane. Mange barn krysser vegen på veg til skulen og frå skulen.

Helsing

Kjell Kolstad
Sendt fra min iPad

7. des. 2018 kl. 09:15 skrev Einar Færø <Einar.Faero@radoy.kommune.no>:

> Sjå vedlagte saksdokument
>
> <Vikeplikt på Toskavegen(1).pdf>